



Norges Cykle Forbund  
PB 170  
1309 RUD

Dato: 15.05.2017  
Vår ref.: 2017/362-8  
Saksbehandlar: irekron  
Dykkar ref.:

Att. Sophie Thorell

## Tilskot til regionale prosjekt knytt til folkehelse og sykkelvanar for barn og unge - Underretting om tildeling

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot til regionale prosjekt knytt til folkehelse og sykkelvanar for barn og unge.

Hordaland fylkeskommune, Utval for kultur, idrett og regional utvikling, har i møte 26.04.2017, politisk sak 53/17, vedteke å tildele dykk 500000 kr i tilskot.

### Grunngjeving:

Ved søknadsfristen 15.02.2017 var det kome inn 6 søknader. Samla søkesum var kr 926.875. Det er totalt 500000 kr til fordeling under Tilskot til regionale prosjekt knytt til folkehelse og sykkelvanar for barn og unge i år. Ved avgjerda av dykkar sak har utval for kultur, idrett og regional utvikling lagt til grunn dei opplysningane som går fram av søknaden. Utvalet fann at dei vedtekne vilkåra for tildeling er oppfylte og at dykkar tiltak, etter ei samla vurdering, vert tilgodesett. Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Individuell grunngjeving: Mange kommunar har vore gjennom programmet og tilbakemeldingane er gode. Det har stor verdi å vidareføre/ overføre til endå fleire av kommunane i Hordaland. Programmet er godt etablert og har ein god struktur og stor gjennomføringskraft.

For oversikt over tildeling sjå vedlegg.

### Utbetaling. Krav om elektronisk faktura i EHF-format.

For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura i EHF – format til Hordaland fylkeskommune

Elektronisk fakturaadresse: **9908:938626367**  
Aksesspunkt: Visma

Saksnummer: 2017/362-8

Ressursnummer: 12564

Beløpet vil bli utbetalt når Hordaland fylkeskommune har mottatt og handsama EHF-faktura med korrekt merking med saksnummer og ressursnummer. De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

### Føresetnader for tilsagnet

Vedtaket byggjer på følgjande føresetnader:

- Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med prosjektplan samt kostnads- og

- finansieringsplan slik det går fram av søknaden (m/vedlegg.)
- Tilsegnsmottakar skal gjennomføre rapportering/levere rekneskap samt medverke ved eventuell kontroll som nemnt under.
  - Dersom tiltaket vert gjennomført med billettsal skal tilsegnsmottakar akseptera ordninga med følgjekort («ledsagerbevis») for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal ha rett til gratis billett til sitt følgje.

Om føresetnadene ikkje vert oppfylt, kan tilskotet bli skjønnsmesseg avkorta eller falle bort. Vi ber om at Hordaland fylkeskommune vert gjort synleg som tilskottsmottakar. For bruk av fylkesvåpenet gå inn på <http://www.hordaland.no/logo>.

### Rapportering

Rapport og rekneskap sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur og idrettsavdelinga ved prosjektslutt innan 15. desember 2017. Rapporten skal minst innehalde desse punkta:

- Skildre gjennomførte tiltak og i kva grad målsettinga vart nådd.
- Peike på eventuelle avvik og grunngje desse.
- Informere om eventuell vidareføring.

### Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollera at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Tilskottsmottakar pliktar - etter førespurnad - å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei dokument og opplysningane dei finn påkrevd for sin kontroll.

### Brot på vilkår og føresetnadar

Dersom tiltaket ikkje vert gjennomført skal midlane betalast attende.

Dersom det ligg føre vesentlege avvik frå prosjektsøknaden eller andre føresetnader for vedtaket eller krava til rapportering/kontroll ikkje vert oppfylt kan vedtaket om tildeling verte gjort om med krav om heil eller delvis tilbakebetaling.

### Klage/partsinnsyn

Vedtaket kan påklagast i medhald av forvaltningslova § 28. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans for vedtak knytt til midlar løyvd frå Hordaland fylkeskommune. Klage vert sendt til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga. Klagefrist er tre veker frå søker mottar melding om vedtaket. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Lukke til vidare med dykkar arbeid med å skape ein aktiv kvar dag for folk i Hordaland!

Per Morten Ekerhovd  
konst. fylkesdirektør kultur og idrett

Britt Karen Spjeld  
fylkesidrettssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*